

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Teams
Dato: 15.03.2021
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til Eldrid Nedrelo eller Kari Sveen.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Telefon: 61 26 62 03
Mobil: 948 80 564
E-post: FMOPKSV@fylkesmannen.no
Web: www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen/

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 9/2021 | Godkjenning av sakliste og innkalling | | |
| ST 10/2021 | Referatsaker | | |
| RS | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2020 | | 2021/2959 |
| RS | Oversendelse av rapport - Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre større verneområder | | 2021/2839 |
| RS | Dialogmøte, faglig vurdering av mulige nasjonalparkområder | | 2021/2840 |
| ST 11/2021 | Delegerte vedtak | | |
| 1/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - 2021 - 2025 - Bruk av snøskuter og helikopter i samband med buføring av sauer og for frakt av varer og utstyr i samband med gjeting av sauer - Utladalen Sameige | | 2021/1061 |
| 2/2021 | Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2021 - 2025 - Bruk av helikopter for transport av kjøtt i samband med jakt - Utladalen Sameige | | 2021/1112 |
| 3/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel - Scooterløyve for beredskap i samband med filminnspeling på Gjende | | 2021/747 |
| 4/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - Vang Energiverk | | 2021/2510 |
| 5/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Avslag på søknad om dispensasjon - 2021 - Bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS | | 2021/2477 |
| ST 12/2021 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler 2021 - Prioritering | | 2020/12154 |
| ST 13/2021 | Eventuelt | | |

ST 9/2021 Godkjenning av sakliste og innkalling

ST 10/2021 Referatsaker

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2020
2021/2959**

**Oversendelse av rapport - Evaluering av forvaltningsordning for
nasjonalparker og andre større verneområder 2021/2839**

**Dialogmøte, faglig vurdering av mulige nasjonalparkområder
2021/2840**

ST 11/2021 Delegerede vedtak

1/2021 Delegeret vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - 2021 - 2025 - Bruk av snøskuter og helikopter i samband med buføring av sauer og for frakt av varer og utstyr i samband med gjeting av sauer - Utladalen Sameige 2021/1061

2/2021 Delegeret vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2021 - 2025 - Bruk av helikopter for transport av kjøtt i samband med jakt - Utladalen Sameige 2021/1112

3/2021 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel - Scooterløype for beredskap i samband med filmminnspeling på Gjende 2021/747

4/2021 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - Vang Energiverk 2021/2510

5/2021 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Avslag på søknad om dispensasjon - 2021 - Bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS 2021/2477

| | | | | | |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2020/12154-4 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 05.02.2021 |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 12/2021 | 15.03.2021 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler 2021 - Prioritering

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tiltak for tilrettelegging ligg på 58 % av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er fullt i samsvar med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidler til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for informasjon og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til arbeidet med forvaltningsplan/besøksstrategi, skjøtselsplan og evaluering av ordning med el-sykkel.

| | |
|--|-------------|
| Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | kr. 300 000 |
| Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi | kr. 100 000 |
| Skjøtselsplan Utladalen, slutføring/godkjenning | kr. 50.000 |
| Evaluering av forskriftsendring for el-sykkel | kr. 385.000 |
| Sum løyving under post 14.20.21 | kr. 835.000 |

2. Drift av sekretariatet inngår i budsjettamme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn av løyvingane til sekretariat med ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Innlandet og ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Vestland blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar av og til vil krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.
3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer tiltaksmidlane for 2021 som er løyvd i bestillingsdialogen med økonomiansvar hos forvaltninga slik:

| | |
|---|----------------|
| A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. | 290.000 |
| Vedlikehald og førebyggjande tiltak på utsette strekningar | 100.000 |
| Oppgradering av stien frå Vetti og opp på Vettismorki | 100.000 |
| Kanalisering/sikring av Besseggenstigen ved Bandet, helikoptertransport | 70.000 |
| Vedlikehald og mindre tiltak mot erosjon; m.a. stien mot Vettisfossen | 20.000 |

| | |
|---|------------------|
| B. Informasjon/tilrettelegging – jf. besøksstrategi / forvaltningsplan | 1.335.000 |
| Utsiktsplattform Vettisfossen, detaljprosjektering og eventuell oppstart | 1.000.000 |
| Fullføring rundt påbegynte tiltak på innfallsportane - Utladalen/Hjelle, terrengarbeid rundt nye tavler - Spiterstulen – trykk av tavle og arbeid med montering | 180.000 |

| | |
|--|---------|
| - Leirvassbu – trykk av tavle, montering og terrengarbeid - Utkikkspunkt Sognefjellet, reparasjon og revegetering | |
| Utsiktspunkt Sognefjellet med namn på fjelltoppar | 100.000 |
| Brosjyre dyre- og planteliv | 50.000 |
| Vedlikehald etablerte tiltak | 5.000 |

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgande møte.

4. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

| | |
|---|----------------|
| Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 260.000 |
| Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 170.000 |
| Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen | 90.000 |
| Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen | 30.000 |
| Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet | 70.000 |
| Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet | 10.000 |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | 20.000 |
| Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald Blir gjennomført annakvart år – sist utført 2019 | 25.000 |
| Sum | 675.000 |

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

5. Plassering av dei tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:

- 1) Teljing ved Vetti mot Vettismorki i Utladalen.
- 2) Ved Ekrehytta, i stien til Fanaråken / Utladalen
- 3) Knutshøe, for å få oppdaterte tal same år som ny kartlegging
- 4) Vesleløyfte, Besseggenstien for kontinuerleg teljing over coronaperioden
- 5) Ny teljing mot Galdhøpiggen frå Visdalen

Teljar nr. 1 vil gje tal på før-etter situasjon med tilrettelegging av nytt utsiktspunkt på Vettisfossen. Vekselvis plassering annakvart år ved øvre og nedre stigen vil kunne skilje mellom kor mange som går inn under fossen og til toppen.

Teljing på Besseggen-stien kan vera ein føresetnad for å kunne få vurdert Besseggen som nasjonal turiststi, og teljar nr. 4 utplasserast på same plass som i 2017-20.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Sak 41/2020 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument - *Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2021*
- Søknad om tiltaksmidlar 2021, Elektronisk søknadssenter (ESS) 08.01.2021. Vedlegg 2.
- Tildeling av tiltaksmidlar 2021, Miljødirektoratet (ESS), behandling. Vedlegg 3.
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS). Vedlegg 1.
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Miljødirektoratet – *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Skjøtselsplan for Utladalen (utkast 2013)

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 41/2020 følgjande vedtak om kva tiltak ein skulle søke om:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2021 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsiktsplattform Vettisfossen, tilrettelegging og sikring (medfinansiering)
- Utsjekk og supplering av tiltak ved av innfallsportane (mindre terrengarbeid rundt nye informasjonstavler m.m.).
- Temabrosjyre dyre- og planteliv
- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med registrert slitasje og erosjon
- Oppgradering av stien frå Vetti og opp på Vettismorki
- Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet (vidareført frå 2020)

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – på dagsorden i 2021.

Forvaltningsplan

- Skjøtelsplan Utladalen; vidareføre og oppdatere eksisterande plan til gjeldande krav. Supplerande kartlegging kan vera aktuelt.
- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, slutføring
- Revisjon av forvaltningsplan

Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak
- Bestilling av standard skilt frå Grafika
- Supplere med droneforbodsskilt, der desse manglar

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2021, etter at Miljødirektoratet har utført tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap blir vidareført under leiing av SNO – Jotunheimen.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Utladalen og Jotunheimen. Erstatte dårleg teljar med ein ny av type trampematte + batteri til eksisterande.
- Nye skilt: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløyve.
- Informasjon og oppfølging av dronebruk

Søknad om midlar til styre og planarbeid er i hovudsak innvilga – jf. vedlegg 1. Ein fekk i 385.000 til evaluering av ny ordning med bruk av el-sykkel. Det vart søkt om totalt 3.485.000 kroner, fordelt på 2.810.000 til tiltak og 675.000 til skjøtsel, jf. vedlegg 2. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut med 675.000, medan tiltak for tilrettelegging i regi av forvaltninga er delvis Innvilga med 1.625.000 kroner, jf. vedlegg 3. Ein må derfor ta ut eller redusere på nokre av tiltaka. Vi vonar å kunne disponere 5 ferdselsteljarar også i 2021. SNO sørger for utplassering.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at «*Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.*»

Vurdering

Utsiktsplattform Vettisfossen og stigen Vetti-Vettismorki via utsiktspunktet

Plattforma er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ein ny og tryggare konstruksjon. Dette er eit større tiltak som er avhengig av samarbeid med fleire aktørar – jf. føringane i strategien frå Miljødirektoratet, som legg til grunn at «*større installasjoner som fugletårn mv.*» må ha «*en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket*». Vidare blir det understreka at eigarforhold og vedlikehaldsansvaret må vera avklara på førehand. Det er i sak 39/2020 gjort vedtak om ei prosjektgruppe under leiing av Utladalen Naturhus for å følgje opp saka med finansiering og gjennomføring av prosjektet som eit spleiselag. Det er i 2020 gjennomført ei mulighetstudie som skisserer mogleg utforming av ei ny plattform i cortenstål – i tråd med føringar i merkevarestrategien om materialval/utforming. Dette arbeidet er presentert for nasjonalparkstyret i møte 1. februar. Ei tilrettelegging med utsiktsplattform føreset også at ein får på plass tilfredsstillande sikring av stigen som i dag går langs kanten av juvet. Eit alternativ kan vera å flytte stigen vekk frå kanten. Tiltaket må sjåast i samanheng med stiltak på stigen opp på Vettismorki frå Vetti, der det i dag er korte strekningar med gammalt rekkverk i dårleg stand. Alt rekkverk bør få lik utforming, og det bør nyttast materialar som harmonerer med materialval på plattforma.

Oppgradering av stigen er planlagt som eit samarbeid med DNT Oslo og Omegn, som kan søkje om tippemidlar på tilrettelegginga. Heile tilrettelegging vil omfatte steinarbeid og utskifting av gammalt rekkverk langs stigen opp lia frå Vetti, forskriftsmessig rekkverk på brua over Morka-Koldedøla, og kavlegging eller gangbaner på blaute parti på runden om utsiktspunktet og Vettismorki.



Stiltak

Tildelte tiltaksmidler for 2021 gjev rom for å setja i verk noko stigvedlikehald og oppgradering av stignett. Stiomlegging ved Besseggen vart utsett frå 2020, og vil følgjast opp i 2021.

I dialogmøte med DNT Oslo og Omegn vart det påpeika at stigen mellom Fannaråken og Turtagrø treng rehabilitering på den tilrettelegte strekinga. SNO er kjent med dette, og vil planlegge tiltak dersom det kan koma sherpaer til Norge sommaren 2021.

Det er kvart år behov for ein mindre pott til rydding av stigane mot Vettisfossen, for å rydde unna stein og grus som har glidd ut i samband med snøsmelting. Dette kan med fordel kombinerast med andre stiprosjekt, dersom det er pågåande prosjekt utanom vårt område som gjer at det uansett vil vera eit sherpalag i nærleiken av Årdal. Eventuelt kan rydding utførast i regi av Utladalen Naturhus.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien:

Fornyng av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar blir prioritert, i tråd med besøksstrategien. Tabellen under viser status for dei ulike innfallsportane, med tiltak utført i tråd med merkevaren (grøn), under arbeid (lysegrøn) og tiltak planlagt (lyseblå). Utan farge er punkt for vidare vurdering:

| Utkikkspunkt | |
|--|--|
| Pilot innfallsport Sognefjellshytta | Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018 Reklamasjon på glastavler, blir skifta i 2020 |
| Startpunkt | |
| Skiltstativ med nye stålskilt etter ny mal Sognefjellshytta Krossbu Turtagrø | Del av pilotprosjektet, Utført 2018 Reklamasjon på glastavler, blir skifta i 2020 |
| Nye skilt på stativ samlokalisert med andre Nye tavler ved Gjendeosen og Reinsvangen | Samarbeid med Nasjonale Turistveger i 2019 |
| Nye skilt på eksisterande stativ Juvflya Gjendebu og Memurubu Koldedalen | Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utsifting gamle skilt Gjendebu og Memurubu 2018 Utsifting av gammalt skilt i 2018 |
| Eidsbugarden | Erstatta øydelagt skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjon |
| Glitterheim ved bom i Veodalen | Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utsifting skilt, eksisterande stativ 2019-21 |
| Utladalen / Hjelle | Forprosjekt om informasjon frå parkering og inn til Utladalen, utarbeidd 2019. Tiltak utførast 2020-2021 |
| Spiterstulen/Visdalen Leirvassbu | Ombbruk av stativ/skifertavler. Trykk / montering 2021 |
| Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren | |
| Utsiktsplattform Vettisfossen | Forprosjekt 2020. Gjennomføring føreset finansiering av eit større beløp, evt. spleiselag. Prosjekt etablert for felles finansiering og utbygging 2021-2022 (2023) |
| Bygdin | Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast når endeleg plassering av brygge er avklara i reg.plan |
| Vargebakkane og Valdresflya? | Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet |
| Eidsbugarden / Tyinkryset (Fv. 53) | Samarbeid med Statens vegvesen? |
| Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu | Samarbeid med Turistvegprosjekt ? |
| Infopunkt Beitostølen | Etablere kontakt og samarbeid med Langsua NP, med tanke på å få etablert nasjonalparkinformasjon på reiselivsdestinasjonen som kanaliserer mange besøkande inn i verneområda |

Snøskade på rekkverk ved utkikkspunkt Sognefjellet medfører at behov for endring i konstruksjonen. Det trengst også tiltak for å hindre trakk på flatene som blir tilrettelagt for revegetering. Tiltak blir utført i tråd med tilråding frå Dronninga Landskap, og i samarbeid med Sognefjellet Turisthytte. Kostnad ca. 50.000.

Ved Utladalen/Hjelle vart nye informasjonstavler på parkeringsplass sett opp i oktober. Tiltaket er samordna med Årdal kommune sitt opplegg med utviding av parkeringsplassen, og det står att litt tilpynting av overflata rundt dei nye skilta. Kostnad inntil 25.000.

Det er avklara med Miljødirektoratet at eksisterande skiferplater ved Spiterstulen og Leirvassbu kan gjenbrukast som skiltstativ. Det var planlagt trykk av nye aluminiumstavler med liten kostnad, men det viste seg at ein måtte velja anna materiale for å få ei harmonisering med andre skilt på skiferinstallasjonane. Glas eller glasliknande materiale er noko dyrare, og krev meir detaljert opplegg for festepunkta, slik at trykk først kan skje i 2021. Utforming / design er ferdig. Glastavler inkludert montering er kostnadsrekna til ca. 75.000 kr.

Infopunkt ved Tyinkrysset (mot Fv. 53) må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen.

Utskifting av tavler ved brygga på austsida av Bygdin er sett på vent, inntil ein får sett framdrift på ei mogleg flytting av brygga.

Andre publikumsretta informasjonstiltak

Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar

Utvida informasjon retta mot dei reisande på turistvegstrekinga fv. 55 er ønskt frå reiselivsnæringa. Det er ønskjeleg å få på plass eit informasjonspunkt med namn på fjellrekkene som ein ser frå utsiktstoppen i tilknytning til den opparbeidde turen i tilknytning til utkikkspunktet ved Sognefjellshytta. Frå toppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken.

Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbrean, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Her er det eit prosjekt på gang i regi av Norsk fjellsenter, som oppfølging av tidlegare avtale om informasjon langs Fv. 55 over Sognefjellet. Tiltaket er eit spleiselag mellom fleire aktørar.

Temabrosjyre dyre- og planteliv

Det er fleire som ønskjer informasjon om dyre- og planteliv. Ein hadde tidlegare ein brosjyre om fuglelivet, og denne bør oppdaterast og tilpassast merkevareprofilen.

Drift, m.m.

Drift av etablere tiltak krev om lag 5.-10.000 årleg.

Om ein ser at det blir ledige midlar, bør det setjast av til finansiering av utsiktsplattforma. Her er det lagt opp til finansiering over eit par år, slik at ein må prioritere neste finansieringsbidrag ved søknad om tiltaksmidlar også i 2022.

Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel ved Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtsel ved Gjendebu skjer i tråd med tilrådingane i evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning frå 2011. Det er her etablert eit godt samarbeid med Storådalen beitelag, Lom fjellstyre og verten på Gjendebu.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Skjøtselen i Øvre Utladalen blir foreslått utvida til å omfatte kulturlandskapet rundt Skogadalsbøen, i tillegg til nødvendig vedlikehald av kulturlandskapet ved dei gamle sela i Guridalen. Ein oppdatert skjøtselsplan vil danne grunnlaget for korleis ein bør prioritere områda med aktiv skjøtsel innan Utladalen LVO. Skjøtselsplanutkastet manglar formell godkjenning, og ein har sett av midlar til arbeidet i 2020, og har søkt om eit mindre beløp for fullføring i 2021. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra

framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen, og vurderast konkret sett i høve verneformålet.

Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi/verneformål vektleggast. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Forslag til fordeling er hovudsakleg i tråd med søknad. Men ut ifrå den omfattande ryddinga utført av Lom fjellstyre i 2020, vart det søkt om eit litt for høgt beløp på krattrydding ved Gjendebu. Det er derfor forslag om ei mindre omfordeling i høve til søknaden, med litt meir til slått. Det kan også vera aktuelt med andre interne omprioriteringar mellom enkelttiltaka.

Nettside

Arbeidet med publikumsretta nettside vart fullført i 2020. Det er inngått avtale med eit firma om teknisk vedlikehald. Det kan i tillegg verta behov for litt tenestekjøp for enkelte redigeringsbehov, men det er ikkje større omfang enn at det kan dekkast innan drift/styre. Nettstaden www.nasionalparkstyre.no skal over på nye nettsider. Det vil seie at det må gjerast ein jobb for med overføring av informasjon frå gamle til nye nettsider. Det kan det vere aktuelt å kjøpe tenester for å få gjort denne jobben. Statsforvaltaren i Vestland vil undersøke moglegheita for å få gjort denne jobben samla for fleire nasjonalparkstyre.

Ferdselsteljing

Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Vi vonar å kunne disponere 5 teljarar også 2021, og den som ikkje er utforma med trakkematter bør skiftast ut. Forslag til prioritering legg vekt på kontinuitet på teljingane over Besseggen, og elles teljing over minst to år på andre prioriterte punkt.

Det er interessant med teljing ved Vetti gard i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Ein vil veksle mellom teljing på stigen opp på Morki og mot foten av Vettisfossen for å danne seg eit betre bilete av ferdselsmønsteret frå der vegen sluttar.

Teljingane her må også sjåast i samanheng med ny utsiktsplattform, og bør gå over tid for å sjå om eit nytt tiltak vil auke den totale ferdsla og om det vil endre ferdselsmønsteret mot topp og fot av fossen.

Vest-Jotunheimen villreinutval arbeider med revisjon av bestandsplan for villreinområdet, og spurde hausten 2019 om det fanst tal frå brukarundersøkingar som kan vise ferdsel i områda rundt Fanaråken-Skogadalsbøen-Vetti, men også Skogadalsbøen-Leirvassbu-Eidsbugarden. Det vart utført teljing ved Ekrehytta i 2007-08, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken. I årsrapporten til SNO for 2008 står følgjande om ferdselsteljing:

«Mykje tyder på at det generelt var noko meir ferdsel i heile Vest-Jotunheimen i år i forhold til året før. Ein ferdselsteljar vart set opp ved stien til Fanaråken / Utladalen 29. juni 2007 og på same plass den 12. juni 2008. Antal passerande var knappe 7000 i 2007 og vel 8500 i 2008. Under "Fanaråkløpet" passerte 1232 teljaren i 2007 (11.08.), og 1107 i 2008 (09.08). Det vart også set opp ein teljar ved Tindeklubbhytta i Skagastølsdalen, men nokon hadde klussa med teljaren og den vart set ut av funksjon. Det er ei utfordring å plassere teljaren slik at den ikkje blir oppdaga, og ikkje blir utsett for skade av noko slag.»

Teljar var sett opp på same plass i perioden 04.07.-05.10.2020, og viste 8 677 passeringar.

Der ein har hatt ferdselsregistreringar har vi registrert ein vesentleg auke i Jotunheimen det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få nye tal for dei mest sentrale innfallsportane. Teljar på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen vil supplere teljing utført i 2018, og vil gje betre samla trafikketal for Galdhøpiggen. Det er viktig med teljing meir enn eitt år, for å få eit supplement til sommaren 2018, da det var mykje bra vær og svært stor utfart i fjellet.

Det er vart ny teljing ved Knutshø i 2019, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Med vidareføring i 2020, for å få talfesta om marknadsføringa har ført til vesentleg auke i trafikken. Kunnskapen ein fekk gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrningar. Det er i dag stor utfart over Knutshø i juni, som er ein sårbar periode – jf. Rapport med sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen frå 2015, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Det er også

interesse frå forskingsmiljø for å følgje utviklinga på Knutshøe, og da vil ny teljing etter sesongar med massiv marknadsføring gje svært verdfull bakgrunnsinformasjon. Det blir foreslått teljing også i 2021, for å ha ferske tal samtidig med at det blir gjennomført kartlegging av vegetasjon og fugleliv i området. Det er også ein masterstudent ved NMBU som vil ha nytte av tala for si oppgåve om området.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonal Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*, og det har vore årleg teljing i 2017-2019 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Teljinga har gjeve verdfull informasjon for oppfølging av området, og er eit pålagt tiltak dersom det skal søkjast om autorisasjon som Nasjonal Turiststi. Variasjonane frå år til år på teljaren ved Vesleløyfte følgjer same svingingar som trafikktalet for Gjendebåten. Dersom fortsatt teljing er ein føresetnad for å vidareføre arbeidet med Nasjonal turiststi Besseggen er kontinuitet viktig.

Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» blir gjennomført trinn for trinn. Besøksstrategien er under revisjon, men både arbeidet med forvaltningsplan og besøksforvaltning har dessverre stoppa opp pga. eit heilt års vakanse i forvaltarstillinga på vestsida. Også informasjonstiltak som ein skulle gjennomføre saman med Norsk fjellsenter vart sett på vent som følgje av bemanningssituasjonen.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Pilotsatsinga for implementering av den nye merkevaren er avslutta, og den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren, med utkikkspunkt Sognefjellet med gangbrua over Fantesteinvatnet og dei mindre startpunktta Turtagrø og Krossbu. Mange besøkande frå inn- og utland er interesserte i å koma til synfaring her og til besøksenteret Norsk fjellsenter. Brukarundersøkinga som vart utført i 2019 har bidrege til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane, jf. rapport frå undersøkinga.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekkingar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikker eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Det same gjeld frå Fv. 51 over Valdresflye. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdselsteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar om verneområda kan bidra i marknadsføringa og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt framfor område som blir mindre profilert.

Ein følgjer opp spørsmål om nasjonalparkinformasjon ved nytt informasjonspunkt på Beitostølen i samarbeid med Langsua nasjonalpark og Øystre Slidre kommune .

Det er ønskeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, er det lagt til rette med digital presentasjon av opplevingar i verneområda gjennom dei nye besøksretta nettsidene, på norsk, engelsk og tysk.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført. I samarbeid med Utladalen Naturhus planlegg ein å legge til rette med ny natursti frå Hjelle til Vetti, i Utladalsgjeli.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser,

som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

ST 13/2021 Eventuelt